



Atle og bassist Yngvar i Systrene Nilsen

**Atle Fredheim er eit betydeleg musikalsk talent. Det viste han nok ein gong då han var gjestearartist under allsongprogrammet i Systrene Nilsen i ettermiddag. Vi må sitera ein allsongar:
- Kvifor i all verda går den karen rundt og er gullsmed?
Han hadde med bassist Yngvar Gjesdal og saman streifa dei innom mellom andre både Cash, Eidsvåg og Vamp og toppa programmet som 54 var møtt fram for å delta i.**



54 hadde møtt til allsong i ettermiddag

Ein annan bolk var songar av Johannes Kleppevik, kystkulturtrubaduren frå Sotra som gjekk bort så altfor tidleg (54 år). Rimelegvis kan ikkje folk flest så mange av hans fine melodiar, men 'No kjem ein vals' plar sitte som eit skot og det gjorde den også denne gongen, I alle fall var dette ein fin måte å minnst ein stor kunstnar på og det var eit ekstra poeng akkurat no: Ein av songane var ei hylling til hurtigruta Ragnvald Jarl, bygd 1992, som passerte Uskedalen her om dagen!

Når sjøkanten-serien held fram neste år går vi ut ifrå at også innslaget med gjesteartist held fram og at trubadurane Reidar og Kristian då ikkje tek fram berre eldre folk men også yngre og lovande slike. Vi har ein imponerende flokk å plukka frå og det kan bety mykje for dei å få eksponere seg på heimebane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen